


Retningslinjer for val av medlemar i eigarorgan og styrande organ i selskap, stiftingar og andre organisasjonar

Vestland fylkeskommune

Innhold

1. Formålet med retningslinjene 4

2. Ulike organ i selskap, stiftingar og andre organisasjonar 4

2.1 Eigarorgan 4

2.2 Styrande organ 5

3. Kandidatar ved val til eigarorgan og styrande organ 5

3.1 Folkevalde 5

3.2 Tilsette 5

3.3 Eksterne 6

3.4 Tilsette i leiinga til selskapet 6

3.5 Kven kan ikkje eller bør ikkje vere medlem av eigarorgan eller styrande organ 6

4. Fylkeskommunen sin rett til å velje eller foreslå medlemar av styrande organ 7

4.1 Direkte oppnemning av styremedlemar 7

4.2 Oppnemning av styremedlemar 7

4.3 Forslag til valkomiteen om kandidatar 8

4.4 Val av medlemar i valkomiteen 8

5. Fylkeskommunen sin arbeidsprosess ved val til styrande organ 8

5.1 Vedtaksmynde 8

5.2 Fylkesdirektøren legg fram sak 8

5.3 Søk etter kandidatar 9

5.4 Før vedtak 9

6. Vurderingsmoment ved val til styrande organ 10

6.1 Kompetanse 10

6.2 Mangfald 10

6.3 Kapasitet 11

7. Oppfølging av vedtak om val til styrande organ 11
7.1 Orientering til selskapet og valde personar 11
7.2 Oppdatering av valregister 12
8. Avrøystingsreglar for fylkeskommunen sin representant i eigarorgan ved val til styrande organ 12
8.1 Avrøysting når fylkestinget/fylkesutvalet har oppnemnt styremedlemar 12
8.2 Avrøysting når fylkestinget/fylkesutvalet har foreslått styremedlemar 13
8.3 Avrøysting når fylkestinget/fylkesutvalet ikkje har foreslått styremedlemar 13
9. Habilitet i saker om val av medlemar til eigarorgan og styrande organ 13
9.1 Automatisk inhabilitet 13
9.2 Inhabilitet ved andre særeigne forhold 14
9.3 Habilitet ved val av medlemar til offentlege tillitsverv 15
9.4 Avgjersle om habilitet 15
10. Godtgjersle for verv i eigarorgan og styrande organ 16
10.1 Generelt om godtgjersle 16
10.2 Godtgjersle for folkevalde 16
10.3 Godtgjersle for tilsette 17

1. Formålet med retningslinjene

Formålet med retningslinjene er å etablere tydelege og einsarta rutinar for val av medlemar i eigarorgan og styrande organ i selskap, stiftingar og andre organisasjonar (heretter omtala som «selskap»).

2. Ulike organ i selskap, stiftingar og andre organisasjonar

2.1 Eigarorgan

Eigar(ane) av eit selskap utøver den øvste mynde gjennom *eigarorganet*. Medlemar/deltakarar som stiller på vegner av fylkeskommunen i eit eigarorgan, representerer fylkeskommunen som eigar. Ved sakshandsaming i eigarorganet må representanten røyste etter beste evne, i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne eigarpolitikk.

Ulike eigarorgan:

(a) *Generalforsamling* i aksjeselskap:
Det er fylkesordføraren eller fylkesvaraordføraren som møter for fylkeskommunen i generalforsamlingar. Andre representantar må ha skrifteleg fullmakt frå fylkesordføraren.[1] Det er naturleg å gje fullmakt til hovudutvalsleiaren (eventuelt nestleiaren) for fagområdet som selskapet er sortert under i eigarskapsmeldinga del II.[2]

(b) *Årsmøte* i samvirkeføretak:
Det er fylkesordføraren eller fylkesvaraordføraren som møter for fylkeskommunen i årsmøte. Andre representantar må ha skrifteleg fullmakt frå fylkesordføraren.[3] Det er naturleg å gje fullmakt til hovudutvalsleiaren (eventuelt nestleiaren) for fagområdet som selskapet er sortert under i eigarskapsmeldinga del II.[4]

(c) *Representantskap* i interkommunale selskap og kommunale oppgåvefellesskap:
Fylkestinget vel faste representantar og vararepresentantar i representantskap. Dei valde representantane kan ikkje gje fullmakt til andre om å delta på deira vegne.[5] Det er formålstenleg å velje hovudutvalsleiaren (eventuelt nestleiaren) for fagområdet som selskapet er sortert under i eigarskapsmeldinga del II. Fylkestinget har instruksjonsrett overfor sine medlemar i representantskap.[6]

[1] Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 første avsnitt.
[2] Eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune 2024-2028 Del I på s. 12.
[3] Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 første avsnitt.
[4] Eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune 2024-2028 Del I på s. 12.
[5] Lov om interkommunale selskap § 6 første ledd.
[6] Ot.prp. nr. 53 (1997-1998) på s. 95.

2.2 Styrande organ

Forvaltninga av eit selskap høyrer til under det styrande organet *(styret)* og dagleg leiing. Eit styreverv er eit personleg verv. Medlemar i eit styre representerer berre seg sjølve og skal ivareta selskapet sine interesser på vegne av alle eigarane. Dette inneber at styremedlemar verken representerer fylkeskommunen, politiske parti eller andre interessentar/særlege interesser.[7]

3. Kandidatar ved val til eigarorgan og styrande organ

3.1 Folkevalde

Som hovudregel bør sentrale folkevalde i Vestland fylkesting representere fylkeskommunen i *eigarorgan* i selskap (sjå punkt 2.1 bokstav a til c). Dette bidrar til betre samhandling og kommunikasjonen mellom fylkestinget og eigarorganet i selskapet.[8]

Folkevalde i Vestland fylkesting kan bli valt som medlemar av *styrande organ* i selskap. Folkevalde sin forståing og erfaring frå det politiske systemet i fylkeskommunen kan tilføre viktig innsikt og kompetanse til styrande organ. Det må likevel vurderast om ein folkevald ofte kan bli inhabil, og om det difor er lite formålstenleg å velje vedkomande.[9] Som offentleg eigar og forvaltningsstyresmakt bør fylkeskommunen så langt som råd unngå uheldige rollekombinasjonar som kan gå ut over, eller på tvers av, folkevalde sin rolle.[10] Det vert opp til ein konkret vurdering i fylkestinget/fylkesutvalet.

3.2 Tilsette

Tilsette i administrasjonen til fylkeskommunen kan representere fylkeskommunen i *eigarorgan* i selskap. Dette er særleg relevant i verksemder som utfører driftsoppgåver for fylkeskommunen.[11] Dette er også relevant dersom møtet i eit eigarorgan fell på same tid som eit politisk møte og dei sentrale folkevalde dermed ikkje er tilgjengelege.

I nokon møte i eigarorgan kan det vere formålstenleg at ein tilsett i administrasjonen til fylkeskommunen deltek *saman* med ein folkevald (eigarrepresentanten).[12] Dette ettersom administrasjonen gjer den løypande oppfølginga av eigarskap i selskap og har ansvaret for rapporteringa knytt til eigarskap.

Tilsette i administrasjonen til fylkeskommunen kan bli valt som medlemar av *styrande organ* i selskap.

---

[7] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 9 på s. 22 andre avsnitt.
[8] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 7 på s. 19.
[9] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 9 på s. 22 tredje avsnitt.
[10] Eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune 2024-2028 Del I på s. 12.
[11] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 7 på s. 19 femte avsnitt.
[12] Eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune 2024-2028 Del I på s. 24.

Dette er særleg relevant i verksemder som utfører driftsoppgåver for fylkeskommunen. Tilsette kan tilføre naudsynt fagkompetanse til det styrande organet i slike verksemder. Det må likevel vurderast om dei ofte kan bli inhabile og om det difor vil vere lite formålstenleg å velje tilsette.[13] Som offentleg eigar og forvaltningsstyresmakt bør fylkeskommunen så langt som råd unngå uheldige rollekombinasjonar som kan gå ut over, eller på tvers av, tilsette sitt arbeid.[14]

3.3 Eksterne

Med *ekstern* er meint ein person som ikkje er folkevald i Vestland fylkesting og som ikkje er tilsett i Vestland fylkeskommune.

Som hovudregel bør *ikkje* andre enn folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen representere fylkeskommunen i *eigarorgan* i selskap.

Eksterne kan bli valt som medlemar av *styrande organ* i selskap. Dette er særleg relevant i verksemder som har behov for særskild fagkompetanse. I det samla styret er det også tilrådd at minst to av styremedlemane er uavhengige av majoritetseigar(ane).[15]

3.4 Tilsette i leiinga til selskapet

Som hovudregel bør *ikkje* tilsette i leiinga til eit selskap representere fylkeskommunen i *eigarorganet* i selskapet[16] (sjå punkt 3.5 bokstav a og b). Dersom ei tilsett i leiinga blir valt, bør valet særskild grunngjevast.

Som hovudregel bør *ikkje* tilsette i leiinga til eit selskap bli valt som medlem av det *styrande organet* i selskapet (sjå punkt 3.5 bokstav a). Dersom ei tilsett i leiinga blir valt, bør valet særskild grunngjevast.[17] Konserndirektøren i eit morselskap kan likevel vere styremedlem i dotterselskap(a).

3.5 Kven kan ikkje eller bør ikkje vere medlem av eigarorgan eller styrande organ

(a) Ein dagleg leiar i eit interkommunalt selskap kan *ikkje* vere representantskapsmedlem eller styremedlem i selskapet.[18]

(b) Ein dagleg leiar i eit kommunalt oppgåvefellesskap kan *ikkje* vere representantskapsmedlem i oppgåvefellesskapet.[19]

---

[13] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 9 på s. 22 tredje avsnitt.
[14] Eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune 2024-2028 Del I på s. 12.
[15] «Den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse» (utgitt av Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse) kapittel 8 andre avsnitt.
[16] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 7 på s. 19 siste avsnitt.
[17] «Den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse» (utgitt av Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse) kapittel 8 tredje avsnitt.
[18] Lov om interkommunale selskap § 6 tredje ledd og § 10 fjerde ledd.
[19] Kommunelova § 19-3 tredje ledd.

(c) Ein representantskapsmedlem i eit interkommunalt selskap kan *ikkje* vere styremedlem i selskapet.[20]

(d) Styremedlemar i eit morselskap bør som hovudregel *ikkje* vere styremedlemar i dotterselskap(a).[21]

(e) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og hovudutvalsleiarar bør som hovudregel *ikkje* vere styremedlemar i selskap som fylkeskommunen har eigar- eller eigarskapsliknande interesser i.[22]

(f) Fylkesdirektør bør som hovudregel *ikkje* vere styremedlem i selskap som fylkeskommunen har eigar- eller eigarskapsliknande interesser i.[23]

4. Fylkeskommunen sin rett til å velje eller foreslå medlemar av styrande organ

Fylkeskommunen sin rett eller moglegheit til å velje eller påverke kven som er medlem av styrande organ i selskap er regulert i lovverk, vedtekter, aksjonæravtaler eller liknande styringsdokument og etablert praksis mellom eigarar.

4.1 Direkte oppnemning av styremedlemar

For nokon selskap er det regulert at fylkeskommunen har rett til å *direkte oppnemne* medlem(ar) til styret. Oppnemningsretten er gjerne omtala som at fylkeskommunen skal *oppnemne, utpeike eller velje* medlem(ar) og at generalforsamlinga/årsmøtet skal velje resten av styret. For aksjeselskap må likevel meir enn halvparten av styret bli valt av generalforsamlinga.[24]

4.2 Oppnemning av styremedlemar

For nokon selskap er det regulert at fylkeskommunen har rett til å *oppnemne m*edlem(ar) til styret. Oppnemningsretten er gjerne omtala som at fylkeskommunen skal *nominere, innstille eller foreslå* medlem(ar) og at det er generalforsamlinga/årsmøtet som skal *velje* styret.

[20] Lov om interkommunale selskap § 10 fjerde ledd.
[21] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 13 på s. 26.
[22] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 15 på s. 28 og Eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune 2024-2028 Del I på s. 25.
[23] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 15 på s. 28.
[24] Aksjelova § 6-3 tredje ledd.

4.3 Forslag til valkomiteen om kandidatar

Nokon selskap har ein valkomité som innstiller medlemar av styret, til val på generalforsamlinga/årsmøtet. Dette er ofte vanleg (og tilrådd[25]) i selskap med mange eigarar, og er særleg relevant dersom eigarane har relativt like eigardeler.

Det kan likevel vere vedtektsfesta at eigarane skal kome med *forslag eller innspel* til valkomiteen om kandidatar til styret. For nokon selskap er ein slik forslagrett *ikkje* regulert, men ofte vil valkomiteen likevel be eigarane om *forslag eller innspel*.

4.4 Val av medlemar i valkomiteen

For nokon selskap er det regulert at fylkeskommunen har rett til å oppnemne medlem(ar) til *valkomiteen* i selskapet, i staden for å velje eller foreslå medlem(ar) til *styret*. Fylkeskommunen er dermed med på å påverke val til styret gjennom representasjon i valkomiteen. Medlem(ane) for fylkeskommunen i valkomiteen må utøve vervet i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne eigarpolitikk.

5. Fylkeskommunen sin arbeidsprosess ved val til styrande organ

5.1 Vedtaksmynde

Det er fylkestinget som gjer *vedtak* om val av medlemar til styrande organ i selskap.[26] Fylkestinget mottek *innstilling* frå den fylkeskommunale valnemnda, og saka skal *ikkje* handsamast i fylkesutvalet.[27]

Fylkesutvalet kan gjere *vedtak* om val av medlemar i styrande organ når avgjerda *ikkje* kan vente til fylkestinget er samla.[28] Valnemnda skal *ikkje* gi innstilling til fylkesutvalet.[29]

Fylkestinget/fylkesutvalet kan gjere vedtak om å gi *fullmakt* til fylkesdirektøren om val av medlemar i styrande organ *(administrativ oppnemning).* Dette er særleg relevant i verksemder som utfører driftsoppgåver for fylkeskommunen (sjå punkt 3.2). Fylkesdirektøren bør rådføre seg om kandidat(ar) med direktøren for fagområdet som selskapet er sortert under i eigarskapsmeldinga del II.

5.2 Fylkesdirektøren legg fram sak

Fylkesdirektøren legg frem sak til fylkestinget/fylkesutvalet ved behov for val av styremedlem(ar) eller eventuelt behov for *forslag* om styremedlem(ar). I saksframlegget skal fylkesdirektøren orientere om

[25] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 10 på s. 23.
[26] Reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.
[27] Reglement for valnemnda punkt 2 første kulepunkt.
[28] Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 tredje avsnitt.
[29] Reglement for valnemnda punkt 2 første kulepunkt.

selskapet sitt formål og verksemd samt orientere om kompetansebehovet i det einskilde styret. Dette utgjer grunnlaget for val av styremedlem(ar). Fylkesdirektøren skal også gjere greie for reglar om kjønnssamansetning og kva kjønn som må eller bør veljast ut ifrå reglane.

Som hovudregel skal fylkesdirektøren *ikkje* foreslå konkrete kandidat(ar) for fylkestinget/fylkesutvalet. Fylkesdirektøren kan likevel i saksframlegget foreslå at eksisterande medlem(ar) blir *attvalt*. Fylkesdirektøren kan også foreslå vedtak om *administrativ oppnemning* dersom det er naudsynt å ha tilsette som styremedlemar i det einskilde selskap.

5.3 Søk etter kandidatar

Det er valnemnda som gjer søk etter kandidatar i saker om val som skal handsamast i fylkestinget. Leiaren av valnemnda er ansvarleg for gjennomføringa av søket. Leiaren bør ha dialog med og få innspel frå medlemane av valnemnda angåande moglege kandidatar. Vidare kan leiaren av valnemnda hente innspel frå styreleiaren i selskapet om moglege kandidatar og om styreleiaren sine vurderingar knytt til attval av eksisterande medlem(ar). Leiaren av valnemnda legg fram forslag for valnemnda om innstilling til fylkestinget. Medlemane av valnemnda kan også legge frem andre forslag for valnemnda.

Ved val til styrande organ kan det i einskilde tilfelle vere naudsynt å nytte ekstern rådgjeving i rekrutteringsprosessen. Dette er særleg relevant dersom selskapet ikkje har ein valkomité, og fylkeskommunen vel heile styret (for eksempel i heileiga selskap) eller over halvparten av styret. Det er leiaren av valnemnda som ved behov, og under føresetnad av politisk dialog og einigheit om bruk av ekstern rådgjeving, ber administrasjonen gjere ei anskaffing om dette. For selskap som ikkje har valkomité, og fylkeskommunen gjer val av heile styret eller over halvparten av styret, bør fylkeskommunen innhenta referansar om aktuelle kandidat(ar).

Dersom ei sak om val ikkje blir handsama i valnemnda (sjå punkt 5.1 andre avsnitt) må *fylkesutvalet* gjere søk etter kandidat(ar). Difor er det føremålstenleg at leiaren av valnemnda også er medlem av fylkesutvalet, og kan nytte sin erfaring og kompetanse frå arbeidet i valnemnda. Dersom leiaren av valnemnda er medlem av fylkesutvalet, bør vedkomande ta ansvar for søket etter kandidat(ar) i dialog med medlemane av fylkesutvalet, og legge fram forslag for fylkesutvalet. Medlemane av fylkesutvalet elles kan også legge fram andre forslag for fylkesutvalet.

Sjå punkt 6 om dei sentrale vurderingsmomenta ved val av medlemar til styrande organ.

5.4 Før vedtak

Før fylkestinget/fylkesutvalet gjer vedtak om val til styrande organ i selskap bør fylkeskommunen orientere aktuelle kandidat(ar) om *forslaget til vedtak*, slik at kandidat(ane) har moglegheit for å avstå frå å bli foreslått eller valt.

Før det blir gjort vedtak om val til styrande organ skal valet også skrifteleg grunngjevast. I grunngjevinga bør det gå fram kva kompetanse kandidat(ane) har.

6. Vurderingsmoment ved val til styrande organ

Ved val til *styrande organ* i selskap er dei sentrale vurderingsmomenta *kompetanse, kapasitet og mangfald*.[30] Det må også bli teke omsyn til at eit styrande organ skal fungere godt som eit kollegium.[31] Med omsyn til kontinuitet og vidareføring av kompetanse, kan det vere relevant å vurdere attval av styremedlemar. Det må likevel vurderast om styremedlemane sin kompetanse framleis er relevant, og om styremedlemane sin innsats og bidrag til selskapet tilseier attval.

6.1 Kompetanse

Kompetanse er det mest sentrale vurderingsmomentet når fylkeskommunen foreslår eller vel medlemar til styrande organ i selskap.

Med *kompetanse* er meint utdanningsbakgrunn, relevant arbeids- og/eller styreerfaring samt personlege eigenskapar. Kva kompetanse eit styre har behov for må vurderast konkret, og varierer ut ifrå selskapet sitt formål og strategi samt kompleksiteten i verksemda. Generelt bør eit styre samla sett ha kompetanse innan økonomi/finans, organisasjon, strategiarbeid og den aktuelle marknaden som selskapet opererer i.[32] Vidare bør leiarerfaring og erfaring frå styrearbeid vektleggast ved val av styremedlemar. Samla sett bør styret ha relevant kompetanse til å vurdere risiko og konsekvensar samt identifisere moglegheiter knytt til mellom anna økonomiske, sosiale og miljømessige forhold.

Medlemane av eit styre bør ha personlege eigenskapar som gjer at dei kan fungere godt i et kollegium. Eksemplar på slike eigenskapar er høg integritet, samarbeidsevne, gode kommunikasjonsferdigheiter, og evne til å vere objektiv og uavhengig i diskusjonar og avgjersler. Vidare bør styremedlemane ha engasjement for selskapet sitt formål og vere dedikerte til å ivareta selskapet sine interesser på ein god måte. Ein styreleiar bør ha leiareigenskapar og evne til å legge til rette for opne og tillitsbaserte diskusjonar.

6.2 Mangfald

Mangfald er eit viktig vurderingsmoment når fylkeskommunen foreslår eller vel medlemar til styrande organ i selskap.

Med *mangfald* er meint meiningsmangfald. Relevant meiningsmangfald gir ulike perspektiv og kan redusere risiko for gruppetenking. Meiningsmangfald legg til rette for godt belyste diskusjonar og betre avgjersler. For å oppnå meiningsmangfald bør styrande organ vere samansett av personar med mellom anna ulik utdanning, arbeidserfaring, kjønn, alder, geografisk tilhøyrsel og kulturell bakgrunn. Kva som er relevant meiningsmangfald må vurderast for kvart einskild selskap.

Krav om balansert kjønnssamansetning i styrande organ går fram av lovverka for dei ulike

[30] «Rutiner for styrevalg i selskaper med statlig eierandel» (fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet per 16.11.2023) på s. 1-2.
[31] «Den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse» (utgitt av Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse) kapittel 8 første avsnitt.
[32] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 9 på s. 21 andre avsnitt.

selskapsformene.[33] Fylkeskommunen skal foreslå og velje styremedlemar i tråd med desse krava. For nokon styre er det ikkje *lovkrav* om balansert kjønnssamansetning. Det bør likevel generelt sett vere mest mogleg lik representasjon av begge kjønn i styrande organ.[34] I valprosessar bør fylkeskommunen oppfordra andre (for eksempel medeigarar) til å ivareta omsynet om balansert kjønnssamansetning.

Dersom fylkeskommunen skal kome med forslag til ein valkomité om kandidat(ar) til styrande organ (punkt 4.3) bør fylkeskommunen foreslå både ei kvinne og ein mann, slik at valkomiteen har alternativ i forhold til kven aktørar foreslår. Dette gir valkomiteen moglegheit til å innstille ei samansetning av styret til val på generalforsamlinga/årsmøtet, som er i tråd med krava til balansert kjønnssamansetning.

6.3 Kapasitet

Kapasitet er også eit viktig vurderingsmoment når fylkeskommunen foreslår eller vel medlemar til styrande organ i selskap.

Med *kapasitet* er meint at ein aktuell kandidat må ha tilstrekkeleg tid til å bidra i det styrande organet. Tidsbruken som det er rimeleg å pårekna at kandidaten bruker på vervet, må vurderast i forhold til omfanget av kandidaten sine eventuelle andre stillingar og/eller verv. Det er forventa at styremedlemar er godt forberedt til styremøte, deltek aktivt i diskusjonar og avgjersler, og gjer naudsynt oppfølgingsarbeid (godkjenning og signering av styrereferat mv.).

7. Oppfølging av vedtak om val til styrande organ

7.1 Orientering til selskapet og valde personar

Etter vedtak om val til styrande organ i selskap skal fylkeskommunen (ved juridisk seksjon) orientere selskapet om vedtaket. Selskapet har ansvar for å registrere styremedlemar i Brønnøysundregisteret.

Fylkeskommunen bør også orientere personane som fylkeskommunen oppnemner (punkt 4.1 og 4.2). Dersom personar som tidlegare er valt av fylkeskommunen ikkje blir attvalt, bør fylkeskommunen orientere personane om dette.

Det er *ikkje* naudsynt å orientere om vedtak om val til:
(a) personar som er *til stade* i møtet medan fylkestinget/fylkesutvalet gjer vedtak om val, eller
(b) personar som fylkeskommunen berre *foreslår* som kandidatar (punkt 4.3).

Selskapet er ansvarleg for at nyvalde styremedlemar får naudsynt informasjon og opplæring om styret

[33] Sjå aksjelova § 6-11 bokstav a, lov om interkommunale selskap § 10 første ledd, samvirkelova § 69, stiftinglova § 27 a og kommunelova § 21-1.
[34] «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll 2023-2027» (utgitt av KS –Kommunesektorens organisasjon) tilråding nr. 11 på s. 24.

sin rolle og ansvar. Fylkeskommunen sine forventingar til styret går fram av eigarskapsmeldinga del I[35] og fylkeskommunen sine formål med kvart eigarskap eller eigarskapsliknande interesse går fram av eigarskapsmeldinga del II.

7.2 Oppdatering av valregister

Fylkeskommunen har eit valregister med oversikt over kven fylkeskommunen har valt eller foreslått til verv i ulike selskap. Etter vedtak om val av medlemar til eigarorgan og styrande organ skal fylkeskommunen (ved juridisk seksjon) oppdatere det fylkeskommunale valregisteret. I valregisteret skal det gå fram om personane er *valt* av fylkeskommunen («Medlem») eller *foreslått* av fylkeskommunen («Medlemsforslag»). Dersom fylkeskommunen sitt forslag til kandidat(ar) ikkje blir endeleg valt for eksempel i generalforsamlinga, skal dette gå fram av valregisteret («Ikkje valt»). Det skal også gå fram om det er gjort *administrativ oppnemning* (punkt 5.1).

I valregisteret skal det gå fram om ein person er valt/foreslått som *medlem* eller *varamedlem*, og om personen eventuelt er valt/foreslått som *styreleiar*. Det skal også gå fram kva *politisk parti* personen tilhøyrar, om personen er *tilsett* i fylkeskommunen eller om personen er *ekstern* (punkt 3.3).

Medlemane av styret i eit selskap går i sin heilheit fram av Brønnøysundregisteret.

8. Avrøystingsreglar for fylkeskommunen sin representant i eigarorgan ved val til styrande organ

Dersom fylkestinget/fylkesutvalet har gjort ei *direkte oppnemning* av styremedlem(ar) (punkt 4.1), skal det *ikkje* bli gjennomført avrøysting på generalforsamlinga/årsmøtet om val av desse medlem(ane).

8.1 Avrøysting når fylkestinget/fylkesutvalet har oppnemnt styremedlemar

Når fylkestinget/fylkesutvalet har *oppnemnt* styremedlem(ar) (punkt 4.2), må fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga/årsmøtet røyste i tråd med vedtaket frå fylkestinget/fylkesutvalet. Dette gjeld likevel ikkje dersom vedtaket er å anse som *ugyldig*. Eit eksempel kan vere at vedtaket ikkje er i tråd med lovkrava om balansert kjønnssamansetning.

Dersom fylkeskommunen har mandat (for eksempel i heileiga selskap) til å utsetje sak i eigarorganet om val til styrande organ, skal saka utsetjast til fylkestinget/fylkesutvalet gjer eit nytt og gyldig vedtak. Dersom fylkeskommunen ikkje har mandat til å utsetje saka, må fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga/årsmøtet røyste etter beste evne, i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne eigarpolitikk.

[35] Eigarskapsmeldinga for Vestland fylkeskommune 2024-2028 Del I på s. 11-12.

Når fylkeskommunen er den einaste eigaren eller er majoritetseigaren/har majoriteten av røystene, blir kandidat(ane) som fylkeskommunen har oppnemnt *valt*. Fylkeskommunen gjer dermed i realiteten ei direkte oppnemning, og val på generalforsamlinga/årsmøtet blir ein formalitet. Når fylkeskommunen *ikkje* er den einaste eigaren og ikkje er majoritetseigaren/har majoriteten av røystene, er det ikkje sikkert at kandidat(ane) som fylkeskommunen har oppnemnt blir valt.

8.2 Avrøysting når fylkestinget/fylkesutvalet har foreslått styremedlemar

Om avrøysting i eigarorganet når fylkestinget/fylkesutvalet har *foreslått* kandidat(ar) (punkt 4.3):

(a) Dersom fylkeskommunen sitt forslag *ikkje* er teke med i innstillinga frå valkomiteen:
Nokon selskap har eit stort antal eigarar og valkomiteen kan dermed ha motteke mange forslag til kandidatar, medan det berre er eit fåtal styreplassar. Fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga/årsmøtet må røyste etter beste evne, i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne eigarpolitikk.

(b) Dersom fylkeskommunen sitt forslag *er* teke med i innstillinga frå valkomiteen:
Ettersom fylkeskommunen berre har foreslått styremedlem(ar) for valkomiteen, er fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga/årsmøtet *ikkje* bunden til å røyste i tråd med vedtaket frå fylkestinget/fylkesutvalet.[36] Fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga/årsmøtet må røyste etter beste evne, i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne eigarpolitikk. Ofte vil det likevel vere naturleg og formålstenleg å røyste i tråd med vedtaket frå fylkestinget/fylkesutvalet.

8.3 Avrøysting når fylkestinget/fylkesutvalet ikkje har foreslått styremedlemar

Når fylkestinget/fylkesutvalet ikkje har oppnemnt eller foreslått styremedlem(ar), ligg det ikkje føre eit vedtak frå fylkestinget/fylkesutvalet om val av medlem(ar) til det styrande organet. Fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga/årsmøtet må røyste etter beste evne, i tråd med fylkeskommunen sin vedtekne eigarpolitikk.

9. Habilitet i saker om val av medlemar til eigarorgan og styrande organ

9.1 Automatisk inhabilitet

Ein offentleg tenestemann og ein kvar anna som utfører teneste eller arbeid for fylkeskommunen (heretter omtala som «tilsett/folkevald»), er automatisk inhabil til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei sak om val av medlemar til eigarorgan eller styrande organ dersom

[36] Vedtak i PS 67/2025 i fylkestinget 16.06.2025.

vedkomande er[37]:

(a) part i saka,

(b) i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken, eller er eller har vore gift med eller er forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part, eller når han er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore verje eller fullmektig for ein part etter at saka begynte, eller

(c) er leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap, eit samvirkeføretak, ei foreining, ein sparebank eller ei stifting som er part i saka.[38]

I valsaker blir ein tilsett/folkevald dermed inhabil dersom:
I) vedkomande sjølve er på val eller på anna måte er part i saka om val (a),
II) ein person med slik tilknyting til vedkomande som går fram av (b) er på val eller på anna måte er i part i saka om val, eller
III) vedkomande er leiar/har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamlinga for selskapet eller organisasjonen som det skal gjerast val til (c).

Ein tilsett/folkevald som er *varamedlem* eller observatør i eit styre er *ikkje* omfatta av den automatiske habilitetsregelen som går fram av bokstav c ovanfor (eksemplifisert i punkt III). Vedkomande kan likevel vere inhabil ut ifrå ei nærmare vurdering av andre særeigne forhold (sjå punkt 9.2).

9.2 Inhabilitet ved andre særeigne forhold

Ein tilsett/folkevald *kan* også vere inhabil til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei sak dersom *andre særeigne forhold* ligg føre, som er eigna til å svekke tilliten til hans upartiskheit.[39] At forholda må vere særeigne refererer til at det må ligge noko meir til grunn enn dei forholda som er omfatta av dei automatiske habilitetsreglane. Det skal mellom anna bli lagt vekt på om avgjersla i saka kan innebere ein særleg fordel, tap eller ulempe for han sjølve eller nokon som han har nær personleg tilknyting til. Det skal også bli lagt vekt på om motsegn om habilitet er reist av ein part i saka.

Ein tilsett/folkevald som har representert eller opptrett på vegner av fylkeskommunen, for eksempel som deltakar på årsmøtet i eit samvirkeføretak eller på generalforsamlinga i eit aksjeselskap, er i utgangspunktet habil til å handsame valsaker som gjeld selskapet. Dette so lenge vedkomande ikkje av andre grunner er ramma av dei automatiske habilitetsreglane (sjå punkt 9.1 bokstav a til c) og dersom ikkje andre særeigne forhold gjer vedkomande inhabil. Kvart tilfelle må vurderast konkret ut ifrå omstenda og informasjonen som ligg føre.

[37] Forvaltningslova § 6 første ledd jf. § 10 og kommunelova § 11-10 første ledd.
[38] Dette gjeld likevel ikkje for person som utfører teneste eller arbeid for eit selskap som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka.
[39] Forvaltningslova § 6 andre ledd jf. kommunelova § 11-10 første ledd.

9.3 Habilitet ved val av medlemar til offentlege tillitsverv

Ein folkevald er habil ved val av medlemar til *offentlege tillitsverv*.[40] Reglane som er angitt i punkt 9.1 og 9.2 gjeld ikkje for folkevalde ved val til slike verv.

Det er eit offentleg tillitsverv å vere *representantskapsmedlem* i:
- eit interkommunalt selskap,
- eit kommunalt oppgåvefellesskap,
- ein interkommunalt politisk råd,
- ei stifting, og
- ei foreining/anna organisasjon.

Dette inneber at ein folkevald er habil til å handsame sak om val av medlem til eit *representantskap*, både når vedkomande sjølve er på val, når ein person med slik tilknyting til vedkomande som går fram av punkt 9.1 bokstav b er på val, og når vedkomande er leiar/har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamlinga til selskapet som det skal gjerast val til.

Det er *ikkje* eit offentleg tillitsverv å vere *styremedlem* eller *valkomitémedlem* i:
- eit aksjeselskap,
- eit interkommunalt selskap,
- eit samvirkeføretak,
- eit kommunalt oppgåvefellesskap,
- ei stifting, og
- ei foreining/anna organisasjon.

Dette inneber at ein folkevald er inhabil til å handsame sak om val av medlem til eit *styre* eller til ein *valkomité,* både når vedkomande sjølve er på val, når ein person med slik tilknyting til vedkomande som går fram av punkt 9.1 bokstav b er på val, og når vedkomande er leiar/har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamlinga til selskapet som det skal gjerast val til.

9.4 Avgjersle om habilitet

I folkevalde organ blir avgjersle om habilitet tatt av organet sjølve, utan at vedkomande medlem deltek i avgjersla.[41] Dersom det i ei og same sak oppstår spørsmål om habilitet for fleire medlemar, kan ingen av dem delta ved avgjersle om eigen eller eit anna medlem sin habilitet, med mindre organet ellers ikkje er vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnte tilfelle skal alle møtande medlemar delta i avgjerslene om habilitetsspørsmåla.

Den folkevalde skal i god tid melde frå om forhold som kan gjera vedkomande inhabil i handsaminga av ei sak.[42] Då vil juridisk seksjon kunne gjere ein vurdering og tilråding om habilitetsspørsmålet. Det er også viktig å melde frå i god tid i tilfelle det er naudsynt å kalla inn ein varamedlem til handsaming av saka.

[40] Kommunelova § 11-10 fjerde ledd.
[41] Forvaltningslova § 8 andre ledd jf. kommunelova § 11-10 første ledd.
[42] Reglement for saksbehandling punkt 2. Sjå også forvaltningslova § 8 tredje ledd jf. kommunelova § 11-10 første ledd.

10. Godtgjersle for verv i eigarorgan og styrande organ

10.1 Generelt om godtgjersle

Det er ikkje eit lovkrav for selskap, stiftingar eller andre organisasjonar at medlemar av eigarorgan eller styrande organ skal motta godtgjersle. Lovverket opnar likevel for dette, og det er ein vanleg praksis at medlemar av styrande organ vert honorert for utøving av slikt verv. Dette er særleg vanleg for styremedlemar i aksjeselskap, som har eit personleg ansvar etter aksjelova.[43]

I aksjeselskap er det generalforsamlinga som vedtek om styret skal ha godtgjersle, og som fastset nivået på godtgjersla.[44] I aksjeselskapa som fylkeskommunen eig 100 prosent, er det fylkeskommunen som utgjer generalforsamlinga og som fastset godtgjersla til styret. I aksjeselskap der fylkeskommunen er ein av fleire eigarar, må fylkeskommunen ha over halvparten av røystene på generalforsamlinga for å ha avgjerande røyst om godtgjersla.[45]

Styremedlemane i eit og same styrande organ har lik rett på godtgjersle, uavhengig av om dei er folkevalde, tilsette eller eksterne. Styreleiar kan likevel motta ein større godtgjersle som følgje av større arbeidsmengde. Godtgjersle for utøving av styreverv vert utbetalt til styremedlemane, og kan ikkje inndrivast av andre (heller ikkje av fylkeskommunen).

10.2 Godtgjersle for folkevalde

Folkevalde sin rett til godtgjersle går fram av «Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune».

Folkevalde som representerer fylkeskommunen i representantskapet i både kommunale oppgåvefellesskap og interkommunale politiske råd, har rett til full møtegodtgjersle per møtedag som vedkomande stiller i representantskapet.[46] Satsen for godtgjersla går fram av kapittel 2 i forskrifta.

Folkevalde som er valt av fylkeskommunen til eit anna organ der fylkeskommunen har ei rolle, har rett til halv møtegodtgjersle.[47]

Dette gjeld mellom anna:
- medlem av representantskapet i interkommunale selskap,
- medlem av representantskapet og liknande organ i stiftingar og andre organisasjonar,
- medlem av valkomiteen i ulike selskap, stiftingar og andre organisasjonar,
- representant på generalforsamlinga i aksjeselskap, og
- styremedlem i aksjeselskap, interkommunale selskap, samvireføretak, kommunale

[43] Aksjelova § 17-1.
[44] Aksjelova § 6-10.
[45] Aksjelova § 5-17 (1).
[46] Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune § 3-1 (1) jf. kommunelova § 5-1 (2) bokstav i og j.
[47] Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune § 3-1 (2).

oppgåvefellesskap, stiftingar, foreiningar og andre organisasjonar.

Godtgjersle vert likevel *ikkje* utbetalt når denne vert dekka av andre (selskapet).[48]

Representantar som har fast godtgjersle, har ikkje krav på møtegodtgjersle når ein møter i kraft av si stilling som for eksempel hovudutvalsleiar, fylkesutvalsmedlem, gruppeleiar m.m. Leiare av hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle for møte der dei møter i eigenskap av å vere hovudutvalsleiar eller kontrollutvalsleiar.[49]

Vederlag for tap av inntekt:
Folkevalde som har eit offentleg tillitsverv for fylkeskommunen (sjå punkt 9.3) har rett på vederlag for tap av inntekt som følgje av tillitsvervet.[50] Tap av inntekt vert ikkje dekka for *andre verv* som ikkje er offentlege tillitsverv for fylkeskommunen (sjå punkt 9.3). I særlege høve kan folkevalde likevel, etter fylkesordførar si avgjerd, ha rett på vederlag for tap av inntekt som følgje av slike andre verv.[51] Sjå nærmare i kapittel 4 i forskrifta om krav til og unntak frå rett til vederlag for tapt inntekt.

10.3 Godtgjersle for tilsette


Tilsette som møter på vegner av fylkeskommunen i eigarorgan i ulike selskap, stiftingar og andre organisasjonar, mottek ikkje godtgjersle frå fylkeskommunen. Deltakinga vert å rekne som ein del av den tilsette sitt arbeid og skal som hovudregel skje innanfor vanleg arbeidstid. Tilsette som er valt av fylkeskommunen til styrande organ, mottek heller ikkje godtgjersle frå fylkeskommunen. Den tilsette kan likevel motta godtgjersle frå andre (selskapet).[52]

Dersom generalforsamlinga i eit aksjeselskap vedtek at styret skal motta godtgjersle, og ein av styremedlemane er ein tilsett i fylkeskommunen, skal godtgjersla for styrevervet *ikkje* vere å anse som omfatta av vedkomande sin ordinære lønn frå fylkeskommunen.[53]

Det har vore praksis at fylkeskommunen *ikkje* har vedteke godtgjersle i selskap som er 100 prosent eigde av fylkeskommunen, og som har styre bestående in sin heilheit av tilsette i fylkeskommunen. Styreverv skal vere frivillig og utøvinga av styrevervet bør som hovudregel skje innanfor den tilsette sin vanlege arbeidstid.

Det visast likevel til at styremedlemar i aksjeselskap har eit personleg ansvar. Fylkeskommunen har difor inngått ei avtale om styreansvarsforsikring. Denne er likevel avgrensa til ein gitt forsikringssum.[54] Fylkeskommunen kan dermed vurdere å skrive ein erklæring om økonomisk ansvar. Ein slik erklæring kan fastsetje at *dersom* ein tilsett som er oppnemnt av fylkeskommunen til eit styreverv, får eit (økonomisk) ansvar overfor ein tredjepart gjennom utøvinga av styrevervet, vert det økonomiske ansvaret dekka av fylkeskommunen som arbeidsgivar.

[48] Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune § 3-1 (2).
[49] Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune § 3-1 (3).
[50] Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune § 4-1 (1).
[51] Forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune § 4-1 (1).
[52] Merk aksjelova § 6-17.
[53] Sml. Norsk Lovkommentar til aksjelova § 6-10 (Note 1063).
[54] Forsikringssummen er avgrensa til NOK 50 mill. pr. skade og totalt for forsikringsperioden. Sjå også nærmare vilkår i forsikringsavtala om kven og kva styreansvarsforsikringa dekker.



vestlandfylke.no